



Dokumenttype:	Forfattar:	Godkjent av:	Ansvarleg eining:
Retningsline	Jeroen Van Gangelen	[Godkjent av]	Administrasjonen
Dokumentnummer:	Versjon:	Godkjent dato:	
RMKS-1324998545-295	1.0	[Godkjent dato]	

Dokumentet gjeld følgende prosess: Stab, støtte og administrasjon; Landbruksforvaltninga

Vedtekter for kommunalt tilskot til nærings- og infrastrukturetta tiltak (gjeldande frå 01.01.2016)

1 Innhald

1. Heimel, kapital	1
2. Målsetting for bruken av tilskotet	1
3. Forvaltning av tilskotsmidlane	1
4. Løyvingsformål og avgrensing.....	2
5. Vilkår for støtte	2
6. Klagehandsaming	2
7. Rutinar for utbetaling av tilskot og rapportering.....	3

1. Heimel, kapital

Kommunestyret gjorde i sak 016/14 vedtak om at 30% av inntektene frå eigedomsskatt frå verk og virke og anna næring skal settast av til nærings- og infrastrukturetta tiltak.

Midlar utover dei 30% av inntektene frå eigedomsskatt vert finansiert ved bruk av konsesjonsavgiftsfondet. Storleiken på dei vert fastsett av kommunestyret årleg gjennom budsjettvedtak.

Inntil kr. 50.000 av den totale ramma vert årleg øymerka til finansiering av planleggingsarbeid av nye driftsbygningar innan landbruksnæringa.

Midlane vert avsett på teneste 32500.

2. Målsetting for bruken av tilskotet

Tilskotet skal nyttast til finansiering av:

- næringsretta tiltak som ikkje vert finansiert gjennom det ordinære kommunale næringsfondet
- kommunal eigenfinansiering av infrastrukturetta tiltak som breiband- og mobilutbygging
- planleggingsarbeid av nye driftsbygningar innan landbruksnæringa som ikkje vert finansiert gjennom landbruket sine ordinære tilskotsordningar.

Tilskotsordninga skal ikkje vere i konkurranse med det ordinære kommunale næringsfondet.

3. Forvaltning av tilskotsmidlane

Midlar til nærings- og infrastrukturetta tiltak jf. pkt. 2.a og 2.b) vert fordelt av kommunestyret.



Dokumenttype:	Forfatter:	Godkjent av:	Ansvarleg eining:
Retningsline	Jeroen Van Gangelen	[Godkjent av]	Administrasjonen
Dokumentnummer:	Versjon:	Godkjent dato:	
RMKS-1324998545-295	1.0	[Godkjent dato]	

Fordeling av midlar til planleggingsarbeid av nye driftsbygningar innan landbruk (jf. pkt. 2.c) vert delegert til landsbrukssjefen.

4. Løyvingsformål og avgrensing

a) Næringsretta tiltak

Næringsretta tiltak som krev kommunal eigenandel, og som ikkje kan nytta seg av det ordinære næringsfondet. Dette kan òg gjelde einskilde søknader frå næringsdrivande eller næringsorganisasjonar, *Samt tiltak/aktivitetar med næringsretta profil som støttar handel og reiseliv (t.d. faste festivalar heimehøyrande i kommunen).*

b) Infrastrukturetta tiltak

Kommunane og fylkeskommunen kan søke Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom) om statlege tilskotsmidlar til breibandutbygging. Det er ei årleg søknadsrunde med søknadsfrist om våren og tildeling om hausten. Eigenandel for husstandane, kommunane og fylke er om lag 1/3, staten dekker om lag 1/3 og vi forventar at utbyggar tar om lag 1/3 av totalkostnaden.

Kommunal eigenfinansiering av breiband- og mobilutbygging skal dekkast av tilskotsordninga. Gjer merksam på at det ikkje kan søkjast støtte frå den nasjonale ordninga frå Nkom til mobilutbygging. Men mobilutbygging kan takast inn i eit prosjekt for breibandutbygging, for å oppnå synergi. Mobilutbygginga krev då ein større kommunal eigenandel.

c) Planleggingsarbeid av nye driftsbygningar i landbruksnæringa

Landbruksnæringa er inne i ei stor endringsfase. Endringa er mest synlege gjennom strukturendringar med større produksjon på kvart bruk.

Ut frå gjeldande lovverk må alle mjølkekyr over til lausdrift innan år 2024. Denne omlegginga krev store investeringar i nye driftsbygningar til mjølkeproduksjon. Også innan sauehaldet er det nødvendig med ei fornying av driftsbygningane. Mange av desse investeringane ligg i storleiken 5-10 millionar kroner.

Planarbeidet og kvalitetssikringa av planleggingsarbeidet er avgjerande for at ei utbygging kan karakteriserast som vellukka.

Planleggingsfasen/forprosjekta til desse investeringane vert ikkje finansiert gjennom landbruket sine ordinære tilskotsordningar før etter at byggearbeidet er starta.

Tilskot frå denne ordninga skal vere eit økonomiske verkemiddel til å fremje slikt planleggingsarbeid.

5. Vilkår for støtte

Tilskotsmidlane skal ikkje vere i konkurranse med det ordinære kommunale næringsfondet.

Tiltak nemnt under pkt. 4.a) skal ved omtale av tiltak/aktiviteten opplyse at Askvoll kommune har støtta prosjektet. Askvoll kommune si logo skal vert synleggjort i profilerings- og/eller presentasjonsmateriale som vert utarbeidd for tiltaket.

6. Klagehandsaming

Det er ikkje høve til å klage på vedtaket.



Dokumenttype:	Forfatter:	Godkjent av:	Ansvarleg eining:
Retningsline	Jeroen Van Gangelen	[Godkjent av]	Administrasjonen
Dokumentnummer:	Versjon:	Godkjent dato:	
RMKS-1324998545-295	1.0	[Godkjent dato]	

7. Rutinar for utbetaling av tilskot og rapportering

Rutinar for utbetaling vert fastlagt per sak avhengig av kva type prosjekt det gjeld.